

Til kommunestyret i Lesja kommune
(kopi til formannskapet)

25. april 2025
J.nr. 144/25

Kontrollutvalets uttale til kommunens årsregnskap og årsberetning for 2024

Kontrollutvalet har i møte 25. april 2025 handsama kommunens årsregnskap og årsberetning for 2024, og gjev med dette sin uttale i samsvar med utvalets ansvar og kommuneloven § 14-3.

Grunnlaget for kontrollutvalets uttale er framlagt årsregnskap, årsberetning og revisjonsberetning samt orientering i utvalsmøtet frå kommunedirektør og regnskapsrevisor og dialog med revisor i løpet av året.

Kontrollutvalet baserer sin uttale i stor grad på revisjonsberetninga og er ikkje kjent med andre høve som har noko å seie for utvalets uttale eller kommunestyrets handsaming av regnskapet og årsberetninga.

Årsregnskap og årsberetning er levert innan kommunelovens frister. Årsregnskapet for 2024 er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 15 929 853. Handlingsregler og måloppnåing er kommentert i årsberetninga, likeså budsjettavvik.

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ein revisjonsberetning utan førehald og er ein såkalla rein beretning. Revisjonsrapporten er signert 10.4.2025, og er såleis innan frist. Revisjonsberetninga er innhaldsmessig i samsvar med lovkrav.

Revisor stadfestar at årsregnskap og årsberetning er avlagt i samsvar med lovar, forskrifter og god kommunal regnskapsskikk. Vidare at regnskapet gjev eit rettvise bilete av kommunens økonomi pr. 31.12.24 og at informasjon i årsberetninga om regnskapet samsvarer med årsregnskapet.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner kommunens årsregnskap og årsberetning for 2024.